

Villrein fjellet som verdiskapar – kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell

- Referat frå møte i styringsgruppa 26. november kl. 10.00 – 11.30 (skype)

Deltakarar: Bjørn Laugaland, Ola Olsbu (til kl. 11.00), Tor Arne Eiken, Ørnulf Haraldstad, Åshild Hus, Margit Smeland, Signe Sollien Haugå, Øystein Kristensen, Jørn Haug og Marianne Singsaas (referent).

Sak 1 Gjennomgang av endring i organiseringa av prosjektet

Jørn orienterte om endringer i sammensetninga av styringsgruppa og arbeidsgruppene. Sjå oppdatert oversyn nedanfor. Styringsgruppa positive til å dele prosjektleiinga av AG 1 – AG 3 mellom dei tre verneområdeforvaltarane. Vil krevje god koordinering på tvers av arbeidsgruppene. Jørn vil ha ansvaret for dette samt ha det overordna budsjettansvaret. Øystein Kristensen tar over prosjektleiinga i AG 4. Gisle Ekse (WSP) kjem til å ha ansvaret for dei årlege evalueringene av trasear i Bykle der ein testar ut adaptiv løyeforvaltning.

Styringsgruppa

Namn	Representerer
Bjørn Laugaland (leiar)	Verneområdestyret SVR
Signe Sollien Haugå	Bykle kommune
Ola Olsbu	Aust Agder Fylkeskommune
Tor Arne Eiken	Kvinesdal kommune
Ørnulf Haraldstad	Fylkesmannen i Aust og Vest Agder
Åshild Hus	Lysefjorden utvikling
Margit Smeland	Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Marianne Singsaas (sekretær)	Norsk Villreinsenter Sør

Prosjektleiarane for AG 1 – 4 med møte og talerett i styringsgruppa.

Arbeidsgruppene (AG)

AG 1 Kunnskap om villrein og villrein fjell til barn og unge	AG 2 Møteplass villrein fjellet	AG 3 Villreinen og kulturarven	AG 4 Sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning
Svein Hjort Olsen (turistforeiningene)	Bjørn Hellem (Vest-Agder fylkeskommune)	Snorre Haukalid (fylkeskonservator Vest – Agder)	Sigrud Bjørgum (Bykle kommune)
Inge Olav Fjalestad (Bygland kommune)	Dagfinn Thorkildsen (Valle kommune)	Turi Ottersland Tjøstheim (Suldal kommune)	Bjørn Loland (Fylkesmannen i Aust og Vest Agder)
Jan Rob (Knaben leirskule)	Torborg Kleppa (Hjelmeland kommune)	Astrid Nyland (Arkeologisk museum i Stavanger)	Jørn Haug (SVR)
Ane Guro Moen (Norsk Villreinsenter Sør)	Lena Romtveit (Norsk Villreinsenter Sør)	Kirsten Leira (Visit Setesdal)	Ida Larsen Reinsviki (Vinje kommune)
Kristian Eiken Olsen (Statskog)	Sondov Bjåen (Bjåen turisthytte)	Håkon Aarhun (Haukeliseter turisthytte)	Øyvind Robberstad (Setesdal Ryfylke Villreinlag)
Jørn Haug (SVR, prosjektleiar)	Sigrud Bjørgum (Bykle kommune)	Jørn Haug (SVR, prosjektleiar)	Randi Byremo (Åseral kommune)
	Jørn Haug (SVR, prosjektleiar)		Øystein Kristensen (Aust Agder Fylkeskommune, prosjektleiar)

Sak 2 Verksemd i arbeidsgruppene i 2018 og vidare planar.

Jørn gjekk igjennom aktiviteten i arbeidsgruppene. Sjå oversyn og merknad frå styringsgruppa under

Arbeidsgruppe 1. Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjell til barn og unge.

- Konkretisering av undervisningsopplegg for bruk på ungdomsskuletrinnet. Tilbod med fire alternativ vart sendt skulene 2.11.2018. Seks skuler har så langt takka ja til tilbodet. Vert sett i gong frå desember 2018
- Fastsett opplegg for opplæringsjakt for ungdom i aldersgruppa 16 – 18 år. Tilbod frå hausten 2019 i regi av Statskog med støtte frå prosjektet.
- Vurdering og drøfting av undervisningsmateriale for bruk i skuleverket (lærebok, web-basert læring mv.)
- Dialog med leirskulene i regionen (Gullingen i Suldal og Knaben i Kvinesdal) mtp korleis villreinrelaterte tema kan nyttast i undervisninga. Opplegg for tilsette ved Gullingen leirskule vert gjennomført desember 2018.
- Økonomis støtte til privat initiativ i Bykle («Fjellreinskulen») for gjennomføring av utstilling/arrangement desember/januar 2018/2019.

Merknad frå styringsgruppa

- Viktig med fokus på vidareføring av opplegg for barn- og unge etter prosejtperioden.
- Aktuelt med opplegg om villrein og verneområda på nasjonalt lærarstemne i agder hausten 2019
- Styringsgruppa positive til vidare samarbeid med Fjellreinskulen i Bykle. Viktig i høve til næringsutvikling som ein del av verdiskapingsprosjektet.

Arbeidsgruppe 2. Møteplass villreinfjellet

- Val av tema, målgrupper og arenaer for dei ulike møteplassane/temamøte
- Bidrag til planlegging og gjennomføring av Heiplansamlinga 5 – 6 september i Eikerapen i Åseral.
- Utarbeiding av årshjul for arrangement 2019
- Gjennomført fire åpne temamøte i løpet av 2018
 - Bykle 18. juni i samarbeid med villrenlaga og villreinnemnd (tema CWD + villreinens bruk av setesdalsheiene basert på GPS – data). Om lag 65 personar møtte.
 - Bykle 30. oktober i samarbeid med villreinlaga og villreinnemnda (tema Villrein og ferdsel). Om lag 70 personar møtte.
 - Kvinesdal 8. november i samarbeid med viltneimnda i Kvinesdal og Kvinesdal villreinlag (tema Praktisk villreinjakt + villreinens bruk av sørområda). Om lag 70 personar møtte.
 - Hjelmeland 15. november i samarbeid med Hjelmeland turlag og Hjelmeland kommune (tema Reinsdyrjakt i Hjelmelandsheia + reinens bruk av dei sør-vestlege delane av SR). Om lag 75 personar møtte.

Merknad frå styringsgruppa

- Styringsgruppa er oppteken av at møteplassane også engasjerer yngre folk, tema på møtene må spegle dette.

Arbeidsgruppe 3. Villreinen og kulturarven

- Skrivning av den lokal villreinhistoria. Det vert arbeida med å finne lokale ressurspersonar som kan skrive litt om kva rolle villreinen har spela i den einskilde kommunen opp igjennom historia inkludert evt. endringer av villreinens arelabruk lokalt. Arbeidet vert i første omgang prioritert i randkommunane.
- Kulturminnevandringer. I samarbeid med turlag, sogelag mv. vert det planlagt vandreturar på 1-2 dagar der ein undervegs er innom villreinrelaterte kulturminne. Ressurspersonar på dei aktuelle kulturminna vil fortelle undervegs. Målet er å melde inn to slike vandringer i Naturlosturar (koordinert av Midt-Agder friluftsråd) i 2018.
- Formidling av villreinrelaterte kulturminne på digitale plattformer i felt. På utvalde lokalitetar skal ein gjennom mobiltelefon evt. nettbrett kunne få opp informasjon og visualisering av kulturminnet ein har føre seg. Det vert arbeida med å finne høveleg tekniske løysingar, leverandørar samt kartlegge kva lokalitetar som er aktuelle.
- Informasjon om villreinrelaterte kulturminne på eksisterande besøkssentra. Dialog er oppretta med aktørane på de aktuelle plassane. Dette gjeld Minne kultursenter i Åseral, Informasjonstavle ved Håheller, Nesflaten i Suldal, Kvæven bygdetun i Sirdal og Setesdalsmuseet på Rysstad.
- Vertskapskurs og guidekurs for bedrifter som ønskjer å nytte villreinrelaterte kulturminne som ein del av si verksemd. Programkommite er sett ned med siktemål å arrangere dette hausten 2019.

Merknad frå styringsgruppa

- Når det gjelder informasjon om villreinrelaterte kulturminne er det vesentleg at dette også vert tilgjengeleg for turistkontor og private turistbedrifter i regionen. Informasjonen må vera på fleire språk. Må vera medvitne på målgruppe i informasjonsarbeidet. I målgruppa må turistar inngå, også utanlandske.
- Må nå ut med informasjon der det er mykje folk. Hovden og Øygardsstøyl vart næmnd særskilt. I tillegg andre innfallsportar kring heia. Informasjon på danskebåten bør og vurderast sjølv om det her kan vera tungt å få innpass.
- Turistforeininga bør vera ein særskilt aktuell samarbeidspartnar i informasjonsarbeidet.
- Forprosjekt på Kvæven (sjå oversyn) veldig interessant å gå vidare med.

Arbeidsgruppe 4. Sti- og løypeplan – adaptiv løypeforvaltning

Prosjektet Adaptiv løypeforvaltning i Bykle vart frå våren 2018 innlemma i verdiskapingsprosjektet og arbeidsgruppe 4. Direkte kostnader til dette (prosjektleiing) har i all hovudsak vore dekkja av Bykle kommune. Styringsgruppa vedtok 18. oktober rapport og tilråding for adaptiv løypekøyning i Bykle med siktemål å teste ut trasear komande tre sesongar. Årleg evaluering inngår i prøveordninga.

Arbeidsgruppa er nå i gong med planlegging av aktivitetar knytt til sti- og løypeplanar i tråd med prosjektbeskrivinga. Det er lagt opp til ei regional fagsamling for kommunane, turistforeininga mfl. i februar 2019 for å motivere og spreie kunnskap om styring og kanalisering av ferdsel gjennom utarbeiding av sti- og løypeplanar.

Merknad frå styringsgruppa

- Miljødirektoratet v/Nils Ynge Berg arbeider med rettleiar for sti- og løypeplanar. Berg bør difor inviterast med på regional samling for sti- og løypeplanar.

Sak 3 Regnskap og budsjett

Førebels reikneskap 2018 og budsjettforslag 2019 var sendt ut i forkant av møtet:

Regnskap pr. 22.11.2018 ref. tall fra Valle kommune

Utgifter	Beløp i kr.
Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	506
Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelse	54
Annet matkjøp, servering	9 323
Annet forbruksmateriell	2 400
Andre annonser	24 328
Utgifter til kurs og opplæring	5 020
Kjøregodtgjørelse, tjenestereiser, kurs og opplæring	2 950
Kostgodtgjørelse, tjenestereiser, kurs og opplæring	513
Taxi, fly, buss bom, parkering mv	13 875
Andre utgifter til transport	4 858
Husleie	7 851
Andre leieutgifter	19 078
Konsulent	6 900
Andre konsulenttjenester	20 225
SUM	117 881
*Inntekter 2017 og 2018	
Prosjektmidler fra Miljødirektoratet	2 000 000
Tiltaksmidler fra SVR overført til prosjektet	231 885
Vilttiltaksmidler Fylkesmannen i Rogaland	25 000
Vilttiltaksmidler Fylkesmannen i Aust og Vest Agder	30 000
SUM INNTEKT	2 286 885
Inntekter pr. 12.11.2018	2 169 004

*Har utestående midler fra flere parter som har gått inn med penger i prosjektet

Status egenfinansiering	
Økonomiske bidrag fra partene	286 885
Egeninnsats, anslag ut fra innleverte timelister. 1000 t x 450 kr.	450 000
SUM	736 885

Forslag budsjett 2019 basert på kontoplan i Valle kommune

Utgifter arbeidsgruppe (AG) 1 - 4 og styringsgruppe (SG)	Beløp i kr.	Merknad
Annen lønn og trekkpliktig godtgjørelse	333 000	Lønn prosjektledelse utbetalt som overtid tilsv. 30 % stilling
Arbeidsgiveravgift av lønn og godtgjørelse	46 000	
Annet matkjøp, servering	120 000	Servering ulike arrangement og kurs samt møter i AG og SG
Annet forbruksmateriell	20 000	For bruk i undervisningsopplegg, tilrettelegging på utvalgte kulturminner, temamøter
Kjøp av inventar og utstyr	300 000	For bruk i undervisningsopplegg + tilrettelegging på utvalgte kulturminner
Andre annonser	50 000	
Utgifter til kurs og opplæring	6 000	Deltakeravgift
Annen brukertransport	50 000	Transporet skoleklasser og ved befaringer ifbm. vertskapskurs/guidekurs
Kjøregodtgjørelse, tjenestereiser, kurs og opplæring	40 000	ifbm. møter og gjennomføring av arrangement
Kostgodtgjørelse, tjenestereise, kurs og opplæring	3 000	
Hotell mv. ved tjenestereiser	100 000	Prosjektet dekker opphold ifbm. vertskapskurs/guidekurs + regional samling AG 4, overnatting skoleklasser AG 1.
Taxi, fly, buss bom, parkering mv	15 000	Nettverkssamling
Andre utgifter til transport	10 000	Nettverkssamling i regi av MD mv. + utgifter ved drift av arbeidsgruppene
Husleie	35 000	Kontorleie prosjektleder
Andre leieutgifter	15 000	Møtelokale ved gjennomføring av arrangement
Konsulent	200 000	Etableringskostnad kulturelle skolesekken, innleiing av eksterne ressurser for gjennomføring av opplegg på skolene samt opplæringsjakt, utarbeiding av undervisningsmateriell, foredragsholdere, forprosjekt besøksentre, utarbeiding av materiell for tilrettelegging på utvalgte kulturminner, godtgjørelse for skiving av lokal villreinhistorie
Andre konsulenttjenester	150 000	Etableringskostnad kulturelle skolesekken, innleiing av eksterne ressurser for gjennomføring av opplegg på skolene samt opplæringsjakt, utarbeiding av undervisningsmateriell, foredragsholdere, forprosjekt besøksentre, utarbeiding av materiell for tilrettelegging på utvalgte kulturminner, godtgjørelse for skiving av lokal villreinhistorie
Tilskudd til kommuner	150 000	Utarbeiding av sti- og løypeplaner
SUM	1 643 000	

Merknad frå styringsgruppa

- Prosjektet disponerer mykje midlar og ein må ha ei offensiv rolle på tiltaksida.
- Arbeidsgruppene må særleg sjå på større grad av økonomisk verdiskaping i prosjektet og der ein støttar opp om aktørar som driv med komersiell verksemd i og inn mot verneområda. Særleg aktuelt å jobbe vidare med dei verksemdene som deltek på dei planlagde vertskapskursa slik at dei kan utvikle gode produkt. Dette kan til dømes vera bidrag til at desse verksemdene for marknadsført sine tilbod. Verdiskapingsprosjektet bør og kunne bidra i samband med sertifisering, kommersialisering/produktutvikling og synleggjering av utvalde aktørar. Ordning må konkretiserast næra av styringsgruppa.
- I dialog med turistverksemdar må ein gjennom prosjektet synleggjere moglegheita for økonomisk verdiskaping i villreinfjella.
- Reikneskap godkjent slik det ligg føre. Framlegg til budsjett godkjend men med tillegg på kr. 300 000 øyremerka økonomisk verdiskaping ref. strekpunkt 2 ovanfor.

Sak 4 Dato for neste møte i styringsgruppa

21. januar kl. 08.00 – 10.00. Hovudsak: økonomisk verdiskaping ref.- merknad ovanfor.

Sak 5 Eventuelt

Inga saker